



&gt;&gt;&gt; INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE &lt;&lt;&lt;

# BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



## SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

### BARN OG UNGE I FOKUS

#### ALLEMED - BLI MED PÅ ÅRETS VIKTIGASTE DUGNAD!

#### LES MEIR - S. 4 <<<

Foreldrefestivalen kjem til å ha fleire gode foredragshaldarar innan ulike tema som handlar om oppvekst, born og vårt felles ansvar for å skape eit godt oppvekstmiljø, seier påtroppande rektor ved Valle skule, Janne Nystøl

#### >>> LES MEIR - S. 7

Til alle dykk som arbeider med barn og unge i Bygland kommune, gjennom jobb eller i fritida: De er med dette invitert til årets viktigaste dugnad på Kulturscena 26. september kl. 17:00

#### FORELDREFESTIVAL PÅ RYSSTAD 16.-23.09. - KOMMUNANE VALLE, BYKLE OG BYGLAND

#### Merketider september:

- Evje og Bygland legesenter, Bygland legekantor: **stengt i veke 37 og 39**
- Oppvekstsentra i Bygland: **Haustferie i veke 40**
- Biblioteket på Byglandsfjord: ny dag i tillegg til dei kjente: **tyisdagar 9-12 (Mari)**



# OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

## BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

## EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**  
telefonfider måndag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND  
tysdag, onsdag, torsdag kl. 08.00 - 15.00

**FERIESTENGT PÅ BYGLAND I VEKE 37 (09.-15.09.) OG VEKE 39 (23.-29.09)**

- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE  
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00



## BYGLAND TANNLEGEKLINIKK



Sentrale (via Evje tannklinikk): tlf. 37 93 01 95  
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

## FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: tlf. 945 22 025

- BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 24, 4745 BYGLAND

**STENGT SEPTEMBER UT GRUNNA FLYTTING TIL NY BYGG.**

Biblioteket på Bygland opnar att i ny lokale (Sentrum 16, "Gamle banklokale") etter haustferien.



- BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741  
BYGLANDSFJORD

**OPNINGSTIDER (INNTIL VIDARE):**

- mandagar kl. 17.00 - 19.00 (vikar)
- tysdagar kl. 9.00 -12.00 (Mari Rygg)
- onsdagar kl. 17.00 - 19.00 (vikar)





## LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



### Kommunalområde økonomi og administrasjon, Bygland Kommune

Vi har ledig ei stilling som rådgiver/konsulent

Stillinga er ei 100% fast stilling. Søknadsfristen er 22.09.2024

Webcruiter-ID: 4853328993

*For stillingsannonnene se Bygland kommune si heimeside [bygland.kommune.no](http://bygland.kommune.no)*

## POLITISKE MØTE - SEPTEMBER 2024



Rådet for eldre og funksjonshemma: 02.09. kl. 12.00

Ungdomsrådet: 02.09. kl. 15.30


Plan-, miljø- og ressursutvalet: 03.09. kl. 09.00

Levekårsutvalet: 04.09. kl. 09.00

Formannskapsmøte: 05.09. kl. 09.00


Kommunestyremøte: 19.09. kl. 09.00

## HØYRINGAR OG KUNNGJERINGAR




### Kunngjering av planvedtak; Detaljreguleringsplan for RV9 Neset

I samsvar med pbl §12-12, godkjende kommunestyret i møte 21.08.24 i sak 73/24 detaljreguleringsplanen for RV. 9 Neset med planID 202103. Du finn dokumenta på Bygland kommune si heimeside. - Ei eventuell klage må bli sendt med post til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland, eller på e-post: [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no). Merk med sak 2021/651. Klagen må vere hos oss innan **25.09.24**.



## ANNAN OFFENTLEG INFORMASJON



### Passbilen kjem til Bygland, Evje og Hornnes politistasjon den 13./14.11. og til Valle og Bykle politistasjon den 11./12.11.

Bestill time på nett, på [www.politiet.no](http://www.politiet.no), velg "Søke pass og ID-kort".

Om det er brukarar som ønskjer hjelp med dette kan dei komme innom ein av politistasjonane, eller ringe oss.

- Valle og Bykle Politistasjon, Kjellebergsveien 12, 4747 Valle, tlf. 38 13 68 50:  
11. november, kl. 12.30 – 15.00 og 12. november, kl. 08.15 – 15.00
- Bygland, Evje og Hornnes politistasjon, Verksvegen 4, 4735 Evje, tlf. 38 13 68 30:  
13. november, kl. 08.00 – 16.00 og 14. november, kl. 08.00 – 16.00







## OPPVEKST



### Foreldrefestival på Rysstad 16. - 23. september

– Festivalen kjem til å ha fleire gode foredragshaldarar innan ulike tema som handlar om oppvekst, born og vårt felles ansvar for å skape eit godt oppvekstmiljø, seier påtroppande rektor ved Valle skule, Janne Nystøl.

#### Innhaldsrike dagar

Måndag 16. september er temaet mobbing og inkludering. Då kjem Ingrid Lund frå universitetet i Agder, og det blir rom for drøftingar og innspel. Dagen etter er temaet born og grenser, med Hans Holter Solhjell frå organisasjonen Foreldrekompetanse i spissen. Onsdagen skal ein drøfte korleis ein kan byggje laget rundt barnet, med undertittel små handlingar, store skilnader, med Siri Abrahamsen frå Gleding i front.

#### Innbyggjarverkstad

Måndag 23. september skipar Valle kommune til innbyggjarverkstad med tema inkludering og friviljugheit. Denne bolken blir leia av kommunen og Marco Elsafadi. Felles for alle dagane er at det heile tar til klokka 18 kvar dag, og alltid i soknehuset på Rysstad.

– No håpar me på solid oppslutning både frå Valle, Bykle og Bygland. Det er mange og viktige tema, og jo fleire me er, jo meir kunnskap og kompetanse kan me dele, seier Nystøl.

Småbarnsmor Synne Viki og FAU-leiar Kent Even Andersen håpar at mange foreldre frå både Bykle, Valle og Bygland vil vere med i soknehuset på Rysstad.

– Det er rett og slett makelaust at kommunen skipar til dette og maktar å samle så mange gode krefter som alle har fokus på det viktigaste me har, borna våre. Eg veit at mange av dei som er med som foredragshaldarar på festivalen er veldig kunnskapsrike, og eg trur me alle kan ha noko å hente her, seier Synne Viki.

– Så må eg seie at eg tykkjer det er flott at også grannekommunane er med i dette. Eg håpar verkeleg at oppslutninga blir god, seier Kent Even Andersen.

Med tre born er Synne, som er klassekontakt for 3. klasse ved Valle skule, ikkje i tvil om at festivalen er nyttig.

– Bare det at me kan samle oss slik er positivt. I tillegg til gode innspel får ein jo ein sosial dimensjon på alt saman. Eg gler meg veldig til dette. Her får me ein felles arena, og kan ta opp og drøfte viktige tema. Så tykkjer eg det er så flott at utgangspunktet er “Saman for ein god oppvekst”, for det er jo det me alle ynskjer for borna våre, seier ho.

Tekst og foto: Ole Birger Lien



### Kommunalsjef oppvekst i Bygland kommune

**Simon Ellingsberg** har starta som kommunalsjef oppvekst 01.08.24 og har komet gått i gang med oppgave sine. Vi presenterer Simon i neste utgåve til Byglandsnytt.

### Oppvekstsentra i Bygland

**Hautferie i veke 40 (30.09.- 6.10.)**

**Vi ønskjer alle elevar og tilsette GOD FERIE**





## KULTUR

### Ny bibliotek og ungdomsklubb på Bygland

Både biblioteket på Bygland og ungdomsklubben nærmer seg nå ferdigstilt. Det har vore hektisk aktivitet i heile somar med oppussing og ombygging. Nå er det litt elektrisk arbeid som står att på begge plassar, samt at det skal gjerast ein dugnadsjobb på ungdomsklubben i form av ein liten scene. Nye møblar kjem om nokre veker, og så er det snart klart for opning. 😊



### Utvida opningstid på biblioteket på Byglandsfjord

Hovedbibliotekaren **Mari Rygg** er tilbake på jobb etter ei lengre pause. Mari tek formiddagstenesta på tysdagane kl 9.00 -12.00, innkjøp av nye bøker og tar opp att skulebiblioteket på Byglandsfjord oppvekstsenter. **Susanne Hegenscheidt** (vikar) holder biblioteket ope måndagar og onsdagar kl 17.00 - 19.00. Velkomen innom!



### Utstilling i gamle bankhvelvet på Bygland

For 2 år sida hadde vi ei fantastisk utstilling av gullfunnet i det gamle bankhvelvet. I år blir det ei like spanande historie. Den 26.10 blir det utstilling om Bygland i vikingtida. På kulturscena blir det Europeisk kulturminnekonferanse. Meir informasjon om dette arrangementet kjem seinare.

## Bygdekinoen



**Grusomme meg 4**  
17:30 6 år • 110 Kr  
Animasjon  
1t 34m



**Det ender med oss**  
19:30 12 år • 130 Kr  
Romantikk, Drama  
2t 10m

**Onsdag 11.09**  
**Bygland Kulturscene**

Bygdekinoen.no – Et tilbud fra Film & Kino  
Kjøp billett på nett!

## KINO PÅ BYGLAND

**Bygdekinoen på Bygland kulturscene, onsdag 11.09.**

- kl. 17.30: Grusomme meg 4 (6 år)
- kl. 19.30: Det ender med oss (12 år)

### Bygland filmklubb

Framsyrning på Bygland kulturscene

**SØNDAG 13.10 KL: 19:00**

**A STAR IS BORN (2018)**

**ALDERSGRENSE: 9 ÅR**

**DRAMA/MUSIKK M/LADY GAGA OG  
BRADLEY COOPER**



## BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



**Postadresse:** Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland,

**e-post:** [post@bygland.frivilligsentral.no](mailto:post@bygland.frivilligsentral.no).

**Nettside:** [bygland.frivilligsentral.no](http://bygland.frivilligsentral.no)

**Besøksadresse:** Presteneset 2, 4745 Bygland

Ansvarleg for Bygland frivilligsentral og BUA Bygland:

Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

BUA Bygland (utstyrsentralen), vakttelefon 94 50 28 58



### Opne aktivitetar

- BUA Bygland, [bua.io](http://bua.io), tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

### Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16.00 – 18.00 (10. + 24.09.)
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (03. + 14.09.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (05. + 15.09.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. torsdagar kl. 15.00 (Oppstart 12.09.)

### Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30
- Teppebowls: torsdagar i partallsveker kl. 16.30 – 18.30; (05. + 19.09.)

### Aktivitetar på Pakkbua på Byglandsfjord

- Seniorsenter: måndagar i oddetallsveker, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (02. + 16. + 30.09.)

## BYGLAND UNGDOMSKLUBB

**Klubbleiar:** Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

- mån: 18.30 - 20.00, 5. - 7. kl. (Byglandshallen)
- mån: 20.00 - 22.00, 6. - 10. kl. (Byglandshallen)
- ons: 19.00 - 22.00, 8. kl.-VGS (Byglandshallen)

1x/månaden: Fredagsklubb i Årdalshallen

fredagar: kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 27.09.)



**Etter haustferie flyttar klubben inn i dei nye lokalane på gamle biblioteket på Bygland (Sentrum 24, 4745 Bygland).**





# BLI MED PÅ ÅRETS VIKTIGASTE DUGNAD!

Til alle dykk som arbeider med barn og unge i Bygland kommune, gjennom jobb eller i fritida: De er med dette invitert til årets viktigaste dugnad på Kulturscena torsdag 26. september kl. 17:00 - 20:00



Som mange av dykk veit, planlegg vi saman med ungdomsrådet, ein **Allemed-dugnad** i kommunen. Først skal vi ha ein dugnad i skuletida, deretter skal me ha ein vaksendugnad. Du er invitert til vaksendugnaden.

## Kva er Allemed?

ALLEMED er eit dialogverktøy som tematiserer barns rett til fritid og barrierar for deltaking, med særleg vekt på økonomi som barriere. Når deltakar kjem saman for å bruke verktøyet, kallar vi det ein dugnad. Målet med dugnaden er å skape ein felles bevisstheit og komme fram til konkrete idear til kva som skal til for å få alle med i fritidsaktivitetar.

Verktøyet er utvikla av NDFU (Nasjonal dugnad mot fattigdom og utenforskap blant barn og unge). Dei arbeider for at barn og unge får moglegheit til å ta del i fritidsaktivitet, uavhengig av familiens økonomi.

I følgje Bufdir sine tal frå 2021 lever 17,2 % av barn i Bygland kommune i «husholdningar med vedvarende lavinntekt». Dette er eit høgt tal samanlikna med fylket (13,3%) og landet for øvrig (11,4%).

Vi håper at de vil vere med på ein dugnad der vi saman kan ha ein målretta diskusjon om barns rett til fritid og barrierar for deltaking i organisert fritidsaktivitet. Vi inviterer deg til å kome til Kulturscena 26. september, klokka 17.00.

## Kven kan delta?

Me er mange i Bygland som er opptekne av fritida til barn og unge og den positive effekten deltaking har på dei og på lokalsamfunnet vårt. ALLE barn og unge bør kunna vera med og for å få til det må me samarbeide på tvers. Frivilligheita og sivilsamfunnet, næringslivet, politikarar og kommunen er invitert til dugnaden:

- Alle frivillige lag og organisasjonar i Bygland kommune
- Alle engasjerte Bygland-folk som vil bidra
- Næringslivet
- Alle relevante tenestoområde i kommunen som jobbar med barn og unge
- Representantar frå den politiske og administrative leiinga til kommunen



Verktøyet er utvikla av NDFU (Nasjonal dugnad mot fattigdom og utenforskap blant barn og unge). Dei arbeider for at barn og unge får moglegheit til å ta del i fritidsaktivitet, uavhengig av familiens økonomi.

Vi håper at de vil vere med på ein dugnad der vi saman kan ha ein målretta diskusjon om barns rett til fritid og barrierar for deltaking i organisert fritidsaktivitet.

Alle me har kontaktinfo på, har fått personleg invitasjon på epost.

Men det er mange me ikkje har kontaktinfo på, og me vil gjerne ha deg med. Så kom uansett om du har fått epost eller ikkje. Dette er viktig! 😊

Lenka til påmelding finn du på Bygland frivilligsentral si nettside: [Bygland frivilligsentral - ALLEMED-Dugnad i Bygland kommune!](#), Bygland kulturscene torsdag 26.09.2024

Me vil servere enkel mat, kaffi og te. Difor er det fint om du melder deg på 😊

Du finn meir info på nettet: **allemed.no**





# BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

**Bygland Kyrkjelege Fellesråd**  
**Sentrum 18, 4745 Bygland**  
**bygland.kyrkelyd.no og på Facebook**

## Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



## GUDSTENESTER

**sundag, 11.08. kl. 13:00: Dåpsgudsteneste, Årdal kyrkje, Grendi**

- Prest: Kjell Steinbru

## SOKNERÅDSMØTE

**tysdag, 13.08.2024 kl. 18:00 på Bygland kyrkjekontor**



## PÅ KYRKJEVEG FRÅ BYGLAND TIL ÅSERAL - 18. AUGUST

**Sundag 18.08. arrangerer Bygland og Åseral sokn vandretur frå Bygland til Åseral**  
Turen går etter Normannsvegen, ein gamal ferdselsveg mellom Åseral og Setesdal. Den blei og brukt av prest og dækne i den tida Morstøyl sokn var anneks under Åseral.  
Samordna transport frå Åknes kapell til Bygland kyrkje, avreise kl. 07:45.  
Felles busstransport frå Bygland kyrkje til Skomedalsheia, avreise kl. 09:00.  
På Skomedalsheia startar vandringsen kl. 10:00. Det er ein krevjande tur i ulendt terreng. Deltakarane må ha gode turklede og fjellsko. Ta med niste, kopp og drikke.  
Det er omlag 12 km frå Skomedalsheia til Espelid. Estimert turtid: 7 – 8 timar.  
Kultur og naturlosar: Kari Røynlid og Olav Grendstad.  
Framme i Espelid vert det busstransport til Åknes kapell.  
Kl. 18:00: Mat på Kyrkjeodden, ertesuppe og rundstykker, kaffi og kaker.  
Kl. 19:00: Fellesgudsteneste i Åknes kapell.

Påmelding på SMS til Olav Nilsen tlf. 982 99 711 eller Arna Berg tlf. 905 00 467.

Talet på deltakarar er avgrensa, så meld deg på snarast mogeleg.

Pris pr. deltakar kr. 250,- for transport og mat på Kyrkjeodden.

Deltakaravgifta kan sendast på VIPPS til 545689 Bygland og Årdal sokn

Påmeldingsfrist: Torsdag 8.august.

Alle er hjarteleg velkomne til Fellesgudstenesta i Åknes kapell.

Arrangør: Bygland og Årdal sokn og Åseral sokn i samarbeid med Lognavatn Vel. - *Bilete frå Normannsvegen: Olav Grendstad*







## »»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

### SØPPELTOMING - SEPTEMBER 2024

- **Papir og plast:** veke 36: tysdag 03.09.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 36: torsdag 05.09.
- **Matavfall og restavfall:** veke 38: torsdag 19.09.



### GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.09.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (28.09.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (14.09.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no); heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

## YMSE

## »»» STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

**STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR**  
Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;  
på FB: [facebook.com/StogaAS](https://facebook.com/StogaAS)

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker


### Bygland museum

Bygland museum på Presteneset, Bygland.

Opningstider: kvar sundag kl. 11.00 - 17.00

Booking for guida tur: tlf. 907 81 105

Foto: Stoga/Olav Grendstad. Bygland museum/S. Hegenscheidt



**I SEPTEMBER  
HAR  
BJOREN BRYGGE  
BARE  
SOLSKINN ÅPENT**



**Ved bestilling  
av mat, møter eller  
andre saker,  
sms Nina 93262168**

## »»» BJOREN BRYGGE

**Kafé, ølhage, live musikk rett ved  
Byglandsfjorden!**

Presteneset 12, 4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland, tlf. 932 62 168;

på FB: [bjorenbrygge](https://facebook.com/bjorenbrygge)





## YMSE

### >>> MUSIKK

#### Kong Hanes Eftf.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

#### Byglandsfjord barnekor

Barnekor på Byglandsfjord. Øving måndagar i oddetalsvekeane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

**KONSERT:** Laurdag 21.09. på **Kompebasaren i Årdalshallen** kl. 15.00

#### Bygland hornmusikk

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene



### >>> NATURVERN

#### Naturvernforbundet i Setesdal

##### Stiftingsmøte 10.september kl 18.00 på Ose Grendehus

Forslag til punkt som skal gjelde fram til årsmøte våren 2025 (utval):

- Arbeide for tiltak mot krypsiv.
- Arbeide for strengare regulering av hyttebygging.
- Arbeide for å ta vare på villrein.
- Aktivitetar for å auke kunnskap og spreie glede over naturen.



### SLØYD TIL SALS PÅ BYGLAND KOMMUNEHUS

Det står nydelige sløyd produkter til ein god pris ved publikumsmottaket på Bygland kommunehus. Sløyden blei laga på dagsenteret på Byglandsfjord. Det er flotte gaver til barn eller til pynt som passer godt som bursdags- eller jolegave.

Betaling via Vipps #827091 (Psykisk helse).

- Vugge 400kr - Barnestol 300kr - Stor eske 200kr



## REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 61

### REDAKSJON

- Redaktør: Susanne Hegenscheidt
- Ansvarleg redaktør: John Salve Sigrindnes

### BILETE

- Framside og redaksjonsnotat: Lislefarmen på Bygland/S. Hegenscheidt
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): S. Hegenscheidt, Anne Fauske, pixabay.com
- Kva skjer: Lislefarmen på Bygland museumstun / Nina Bygland

**Byglandsnytt oktober 2024: 08.10.2024, skrivefrist 03.10.**

Send tips til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: [bygland.kommune.no/byglandsnytt](http://bygland.kommune.no/byglandsnytt)





# FISKE I BYGLAND

## Fiske og fiskekort til sals i Bygland kommune

(Oppdatera august 2024)


- 1) Byglandsfjorden og Otra - Otra Fiskelag  
- [Coop Ose, Joker Bygland, Stoga, Revsnes Hotell og Neset Camping, +47 922 81 444](#)
- 2) Beinsvatnet (Ånebjør)  
- [inatur.no](#)
- 3) Store Reiårsvatn og Lisle Reiårsvatn - Reiårsvatn Fiskelag (Ose)  
- [Coop Ose og ved parkering Reiårsvatn](#)
- 4) Hovatn nord (Austad)  
- [Fritt fiske](#)
- 5) Båsvatn (Austad)  
- [Fritt fiske](#)
- 6) Hovatn Sør – Hovatn Fiskelag Sør (Åraksbø)  
- [Vegbom Hovassvegen ved Høgeveit](#)
- 7) Strondivatn (Åraksbø)  
- [Kasse ved bommen Gausebakken/Storestøylsvegen](#)
- 8) Heimre-, midtre- og austre Grunnevatn og Vætingstjørn - Grunnevatn Fiskelag (Åraksbø)  
- [Fritt fiske](#)
- 9) Turtlivatn og Vøylevatnet (Bygland)  
- [Inger Siri Lidi +47 934 21 920](#)
- 10) Prestvatn og Grådåstjørn (Bygland)  
- [KVS – Bygland +47 379 35 118](#)
- 11) Litjørn og Gjuvtan, Gjuvatn Fiskelag (Lauvdal)  
- [Kjell Lande +47 416 83 818](#)
- 12) Valbjørgvatn – Valbjørgvatn Fiskelag (Grendi)  
- [Neset Camping, +47 922 81 444](#)
- 13) Tjørnstøylvatnet, Rosvatn, Krokvatn, Ubergstjørn, Hisvatn - Tjørnstøylvatn Fiskelag (Grendi)  
- [Neset Camping, +47 922 81 444](#)
- 14) Sjallvatn - Sandvatn Fiskelag (Byglandsfjord/Dåsvannsdalen)  
- [Vipps #939480](#)





# KVA SKJER I BYGLAND SEPTEMBER 2024

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Lislefarmen 2024 - Foto: Nina Bygland

| DATO                     | ARRANGØR OG STAD                                          | TID                    | KVA SKJER                                           |
|--------------------------|-----------------------------------------------------------|------------------------|-----------------------------------------------------|
| laurdag 07.09.           | Bygland husflidslag / Bygland bygdekvinnelag; museumstun  | kl. 11-16<br>kl. 13-15 | Lislefarmen 2024<br>Meisterskap i potetskrelling    |
| tysdag 10.09.            | Byglandsheimen                                            | kl. 14.00              | Andakt på<br>Byglandsheimen                         |
|                          | Bygland frivilligsentral                                  | kl. 16-17.30           | Bygdemiddag                                         |
|                          | Naturvernforbundet i Setesdal;<br>Ose grendehus           | kl. 18.00              | Oppstartsmøte for<br>lokallaget                     |
| onsdag 11.09.            | Bygdekinoen, Bygland<br>kulturscene                       | kl. 17.30<br>kl. 19.30 | Film 1: Grusomme meg 4<br>Film 2: Det ender med oss |
| 16./17./18. og<br>23.09. | Kommunane i Valle, Bykle og<br>Bygland; Hylestad soknehus | kl. 18.00              | Foreldrefestival på<br>Rysstad (sjå s. 4)           |
| laurdag 21.09.           | Fredheim bedehus;<br>Årdalshallen, Byglandsfjord          | kl. 15.00              | Kompebasar                                          |
| tysdag 24.09.            | Byglandsheimen                                            | kl. 14.00              | Andakt                                              |
|                          | Bygland frivilligsentral                                  | kl. 16-17.30           | Bygdemiddag                                         |
| torsdag 26.09.           | Bygland frivilligsentral;<br>Bygland kulturscene          | kl. 17 - 20            | Allemed-dugnad (sjå s. 7)                           |
| sundag 29.09.            | Bygland og Åseral sokn,<br>Bygland kyrkje                 | kl. 16.00              | Gudsteneste med<br>konfirmantpresentasjon           |
| måndag<br>30.09.-06.10.  | Oppvekstsentra i Bygland                                  | veke 40                | Haustferie                                          |

